

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE
FORMANNSKAPET

VEDLEGG

SAK NR. 90/89

VASSFORSYNING HØVSHAUGEN

HANDSAMA/VERT HANDSAMA I:

STYRE/RÅD/UTVAL	M.DATO	SAK NR.	SAKSHANDSAMAR	ARKIVNR
Formannskapet	09.03.90	90/89	Gudleik Aabol	541
.....				
.....				

Bakgrunn.

Kommunestyret har nå vedtatt at vassforsyning i Rogne skal baserast på grunnvassbrønner på Sandtangen.

I første omgang har denne løysinga den negativ sida at det er lang avstand til det området som vel har den dårlegaste vassforsyninga innan forsyningsområdet - Høvshaugen.

Ein har fått signal om at Kollstad Vassverk - som ei mellombels ordning, og etter at kommunen har foretatt sitt kjeldeval - kunne tenke seg å vurdere ei lita utviding av sitt forsyningsområde mot Høvshaugen.

Kommunal avløpsledning vil i løpet av året bli lagt fram til kryssing av rv 51 ved Kjell Haugrud. Under føresetnad av løyving i 1991, er det planer om å forlengje ledningsnettlet vidare oppover. Ein vil her kunne få tilkopla fleire eksisterande boligar. Det ligg også godkjente og omsøkte tomter i dette området som vil bli tillatt bebygd når det kjem offentleg avløpsnett og dersom vassforsyning blir løyst.

Kommentar.

Den greiaste ordningen for bae partar - viss kommunen får til ei avtale med Kollstad Vassverk - ville vere å kjøpe vatn etter ein pris pr. m³. Med ei slik løysing ville ein og lett kunne markere at dei som ligg utanfor vassverkets eigentlege forsyningsområde må betale noe meir.

Ein må innsjå at det ennå vil gå mange år før det vil bli noe tomte-tilbud ved Solhaug. Det vil derfor vere svært positivt for denne delen av bygda om ein kunne få til eit visst tilbud i mellomtida.

Rådmannen legg fram saken med slik

INNSTILLING

Formannskapet vedtek å søke årsmøtet i Kollstad Vassverk om kjøp av vatn/utviding av forsyningsområdet til Høvshaugen.

Ordningen skal vere mellombels til kommunen får bygd ut sitt ledningsnett fra Sandtangen.

Vedtak i formannskapet:

Som innstillinga. Samrøystes

Rett møtebok:

12.09.90

Frank Prestegard

Utskrift sendt til: Kollstad Vassverk A/L
Teknisk kontor

Rett utskrift
Øystre Slidre Kommune
F. Håleberg